

Middelaldersenteret (HF) og forskergruppa Iron Age to Historical Archaeology (VM) inviterer til gjesteforelesning

Førkristen *horg* i stadnamn og kult: passasje gjennom (landskaps)barriere

Av Eldar Heide, professor ved Høgskolen på Vestlandet

Tidspunkt: Måndag 23. september 2024 kl. 10 – 11

Stad: Trykkeriet, Gunnerushuset, Vitenskapsmuseet

Kva type kultstad var ein *horg*, gammalgermansk *hōrgr* / *hargher* / *harug* / *heargh*, i førkristen tid? I mellomaldertekstane er ordet heimla som 'ein type kultanlegg (av stein)', 'kultbygning', 'offerlund', 'hesteinnhegning', 'hasselinnhegning på tingstaden', m.m. I norrønordbøkene finn vi definisjonar som «Fjeld, Klippe», «Stendynge, Hob af sammenlagte Stene» og «offeralter (opført af opdyngede sten), offersted». Det tradisjonelle synet er at ordet *horg* og så bortetter er ei avleiing av eit ord som tyder 'steinete grunn', at kjernetydinga er 'røys' og at tydinga 'kultbygning' er utvikla gjennom at det vart reist tak over ei kultisk røys.




Foto: Horgheim i Romsdalen med gravfelt

Fordi eg tykte denne framstillinga var forvirrande, begynte eg for nokre år sidan å undersøke landskapet ikring stader med gamle namn på *horg*, og vart meir og meir skeptisk. Eg konstaterte fyrst at det er eit samband mellom slike namn og landskapsbarrierar, og kom etter kvart fram til at sambandet gjeld *passasje gjennom* landskapsbarriere. Parallelt med dette, gjekk eg djupare inn i korleis *hōrgr* osb. blir brukt i mellomaldertekstane og dei seinare dialektane, og litteraturen om dette. Eg oppdaga at ordboksdefinisjonane av ordet i mellomaldertekstane stort sett ikkje har grunnlag i tekstane dei skal bygge på og at resonnementa ser ut til å gå i ring: Hovudgrunnlaget for definisjonen som vart etablert på 1800-talet ser ut til å ha vore ei litt for hastig lesing av *harg* / *horg* i svenske dialektar. Så vart etymologien fastlagd på grunnlag av det, og med den som brillar har ein sett dét i materialet som stemmer med det etablerte synet og oversett det som ikkje gjer det.

I dette føredraget skal eg vise illustrasjonar av landskapet (til dels rekonstruert) ikring dei fleste stader med gamle *horg*-namn i Norden og skissere tekst- og ordboksmaterialet og forskingshistoria.

Vidare kjem kort ein alternativ etymologi og eit forslag om korleis *horg*-tydinga 'kultbygning' kan ha utvikla seg frå 'passasje gjennom landskapsbarriere'.

Føredraget bygger på eit bokmanuskript som er under utgjeving.